



VESTNES KOMMUNE

Administrasjonssjefen

Det kgl. Kommunal- og Regionaldepartement
Postboks 8112 - Dep.

Vestnes, 12.09.2006

0032 OSLO

Vår ref.
006814/06

Saksnr.
06/00536

Dykkar ref

Arkivkode
014

Saksbehandlar
Odd Jarle Talberg

ENDRINGAR I VALLOVA - HØRINGSNOTAT

Vestnes kommune viser til høyringsnotat av 20. juni 2006 med forslag til endringar i Vallova.

Vestnes Valstyre har i sak 01/06 behandla høyringssaka og gjorde slikt samrøystes

vedtak:


Vestnes kommune viser til KRD sitt høyringsnotat av 20.juni 2006, og stiller seg positiv til lovendringsforslaga i notatet, med unntak av forslaget om å innføre ei kommuneplikt til å sende egne valkort til alle veljarane.

Vestnes kommune viser til at dette er ei frivillig ordning i dag og at denne bør vidareførast. Kommunane har allereie ei plikt til å skrive ut valkort til veljarane ved mottak av førehandsstemmer – same kvar veljaren er mantalsført.

Med mindre enn 5000 stemmeberettiga fordelt på mange valkrinsar, treng ikkje Vestnes kommune valkort for å gjennomføre eit sikkert og effektivt valting. Vestnes kommune kan også informere om stemmelokale, opningstider etc. på like sikre og meir kostnadseffektive måtar enn gjennom å sende valkort i posten.

Ei slik lovmessig plikt kan eventuelt gjennomførast som ei sentral, statleg oppgåve på grunnlag av folkeregisteropplysningar samt valkrinsopplysningar frå kommunane.

Helsing


Odd Jarle Talberg
Saksbehandlar

VESTNES KOMMUNE

Kopi til: Arkiv